



Møteprotokoll

Utval: formannskapet
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 09.06.2026
Tid: kl. 12.15 - 16.00

Desse møtte

Hanne Notøy
Bennie Bantilan Hansen
Egil Ulfstein
Stian Skorgen Scheide
Per Lorentz Kopperstad
Anders Åge Myrene
Lisa Mari Breivik Anderson

Representerer

Ap
Frp
H
H
INP
KrF
Sp

Funksjon

medlem
medlem
medlem
ordfører
medlem
medlem
varaordfører

Andre møtte

Jarl Martin Møller
Arne Runar Vik
Karen Strand
Kristin Vik
Steinar Nummedal
Ottar Håkonsholm
Kari Riise
Cecilie Roppen

adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

kommunedirektør
kommunalsjef teknisk
kommunalsjef oppvekst og kultur
kommunalsjef helse og omsorg
økonomileiar
eigedom sleiar
personalleiar
planleggar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 59/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1503
PS 60/26	Godkjenning av protokoll	26/1503
PS 61/26	Orienteringar	26/1503
PS 62/26	Referatsaker	26/1503
PS 63/26	Høyringssaker	26/1503
PS 64/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	26/1400
PS 65/26	Endring av rekkefølgekrav i reguleringsplan for barnehage Hasund krins	26/1010
PS 66/26	Slutthandsaming - Plan for naturmangfaldet i Ulstein	22/2545
PS 67/26	Prinsippavklaring om utgreiing av parkeringsordning for Ulsteinvik sentrum	26/1453
PS 68/26	Lokalisering av bufellesskap - Saka vart trekt av levekårsutvalet 03.06.2026.	25/1882
PS 69/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	25/290
PS 70/26	Helsestasjonstenesta i Ulstein	26/1460
PS 71/26	Utgreiing kulturarbeid Ulstein kommune	26/1459
PS 72/26	Gåve - båt til praktisk undervisning i oppvekstsektoren	26/1483
PS 73/26	TV-aksjonen 2026- Sammen for mennesker på flukt	26/1280
PS 74/26	Felles økonomikontor for kommunane Herøy, Sande og Ulstein	26/1431
PS 75/26	Tertialrapport 1 - 2026	26/1462
PS 76/26	Finansrapport 1.tertial 2026	26/1462
PS 77/26	Sal av bustadparsell gnr. 10 bnr. 153 - Ringen/Høddvollvegen	26/1511
PS 78/26	Tariff 2026 - uravstemming	26/1512
PS 79/26	Overdraging av brannbil til humanitært føremål	26/1309
PS 80/26	Utvida skjenketid under fotball VM	26/1122

Ulsteinvik, 12.06.2026

Stian Skorgen Scheide
ordfører

PS 59/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknaden som ligg føre.

Behandling:

PS 68/26 Lokalisering av bufellesskap vart sendt tilbake til administrasjonen av levekårsutvalet 03.06.2026. Derfor vart saka trekt frå saklista.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 60/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 61/26 Orienteringar

Vedtak:

[Ingen orienteringar].

Behandling:

[Ingen orienteringar].

PS 62/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
17/26	Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft 29. april 2026

Vedtak:

Referatsaka vert teken til vitende.

Behandling:

Referatsaka vart samrøystes teken til vitende.

PS 63/26 Høyringsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
58/26	Høyring - Endring i reglane om interkommunalt samarbeid (Vurderer politisk sak)
59/26	Høyring - Forslag til endringar i skiltforskrifta
60/26	Høyring - Rapport - Vurdering av innsparingstiltak i avdeling for båt -og bilambulanse
61/26	Høyring av Helsedirektoratet si utgreiing med forslag til styrking av rettstryggleiken til barn og unge ved tvangsbruk i psykisk helsevern
62/26	Høyring av Nasjonal fagleg retningslinje for utredning, oppfølging og behandling av kvinner med endometriose og adenomyose
63/26	Høyring av overgangsreglar for hald av vilt som ikkje kan overleve i Norge
64/26	Høyring av standardiserte minimunskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar
65/26	Høyring om forslag til endring av forskrift om tilskot til inkludering av barn og unge (Vurderer adm.uttale)
66/26	Høyring om forslag til endringar i opplæringsforskrifta og privatskuleforskrifta
67/26	Høyring om vidaregåande skuletilbod i Møre og Romsdal (Vurderer politisk sak)
68/26	Innspel til Geodataplan 2027-2030 for Møre og Romsdal (Adm.uttale)

Vedtak:

Høyringssakene vert tekne til vitende, og vi ber administrasjonen jobbe vidare med forslaget lagt til grunn.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Høyringssakene vert tekne til vitende, og vi ber administrasjonen jobbe vidare med forslaget lagt til grunn.

Høyringssakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 64/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

Behandling:

Tilrådinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 28/26

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

Vedtak som innstilling frå ungdomsrådet - 01.06.2026 - 27/26

Ungdomsrådet tek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* til vitende.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 41/26

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

PS 65/26 Endring av rekkefølgjekrav i reguleringsplan for barnehage Hasund krins

Vedtak:

Ulstein kommunestyre held delvis fast på rekkefølgjekravet i reguleringsplanen for Barnehage Hasund krins.

Rekkjefølgjekravet i § 6.2 bokstav a) vert justert slik at krav om opparbeiding av fortau gjeld strekninga frå barnehagen (o_BH) og fram til kryssande gangveg Kjerringnesmyra/Pilane merka o_GG på plankartet.

Behandling:

Framlegg frå Sp, INP og Ap, foreslått av Hanne Notøy, Arbeidarpartiet

Ulstein kommunestyre held delvis fast på rekkefølgjekravet i reguleringsplanen for Barnehage Hasund krins.

Rekkjefølgjekravet i § 6.2 bokstav a) vert justert slik at krav om opparbeiding av fortau gjeld strekninga frå barnehagen (o_BH) og fram til kryssande gangveg Kjerringnesmyra/Pilane merka o_GG på plankartet.

Gildskapsvurdering - Lisa Mari Breivik Anderson

--- — Ho stiller derfor spørsmål om gildskapen sin.

Lisa Mari Breivik Anderson gjekk frå. Det var ikkje kalla inn vara.

Formannskapet vedtok samrøystes at ho var gild, jamfør forvaltningslova § 6 fyrste ledd punkt a.

Lisa Mari Breivik Anderson tok sete igjen.

Kommunalsjef for teknisk Arne Runar Vik orienterte om saka.

Røysting:

Framlegget til Sp, INP og Ap vart sett opp mot tilrådinga frå teknisk utval.

Framlegget til Sp, INP og Ap vart vedteke med 6 røyster mot 1 røyst (Ulfstein, H).

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre held delvis fast på rekkefølgekravet i reguleringsplanen for Barnehage Hasund krins.

Rekkefølgekravet i § 6.2 bokstav a) vert justert slik at krav om opparbeiding av fortau gjeld strekninga frå barnehagen (o_BH) og fram til kryssande gangveg Kjerringnesmyra/Pilane merka o_GG på plankartet.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 04.06.2026 - 63/26

Ulstein kommunestyre opprettheld gjeldande rekkefølgekrav for bygging av Sundgotmarka barnehage i Hasund krins.

PS 66/26 Slutthandsaming - Plan for naturmangfaldet i Ulstein

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner temaplan for Naturmangfaldet i Ulstein slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Behandling:

Planleggar Cecilie Roppen gav ei orientering om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner temaplan for Naturmangfaldet i Ulstein slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

PS 67/26 Prinsippavklaring om utgreiing av parkeringsordning for Ulsteinvik sentrum

Vedtak:

1. Kommunestyret gir administrasjonen mynde til å setje i gang ein prosess om mogleg innføring av avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.
2. Gjennom prosessen skal det avklarast:
 - geografiske grenser for område med avgiftsparkering
 - mogleg soneinndeling og avgiftsnivå
 - aktuelle drifts- og organisasjonsmodellar
3. Endeleg soneinndeling, val av drifts- og organisasjonsmodell og avgiftsnivå skal leggjast fram for politisk handsaming i eiga sak før parkeringsordninga blir sett i verk.
4. Kommunen skal gå i dialog med næringslivet og eigarar av private parkeringsareal i sentrum for å vurdere moglegheiter for samordna parkeringsløyisingar i området, med mål om heilskaplege, brukarvenlege løyisingar og felles betalingssystem der dette er mogleg.
5. Arbeidet skal skje i samarbeid med kommunane i sjustjernasamarbeidet, med mål om mest mogleg samordna prinsipp og innføringstidspunkt for parkeringsordningar i regionen.
6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode. Administrasjonen skal vurdere tidsperioden 2–3 timar. Overbygde parkeringsplassar skal vurderast som langtidsparkering.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Anders Åge Myrene, Kristeleg Folkeparti

1. Kommunestyret gir administrasjonen mynde til å setje i gang ein prosess om mogleg innføring av avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode. Administrasjonen skal vurdere tidsperioden 2–3 timar. Overbygde parkeringsplassar skal vurderast som langtidsparkering.

Kommunedirektør Jarl Martin Møller og kommunalsjef Arne Runar Vik gav ei orientering om saka.

Røysting:

Endringsframlegget til Anders Myrene (Krf) vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget til ordførar Stian Skorgen Scheide vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå teknisk utval vart samrøystes vedteke med dei endringane som ligg føre.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret går inn for at administrasjonen får mynde til å setje i gang ein prosess med mål om å innføre avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.
2. Gjennom prosessen skal det avklarast:
 - geografiske grenser for område med avgiftsparkering
 - mogleg soneinndeling og avgiftsnivå
 - aktuelle drifts- og organisasjonsmodellar

3. Endeleg soneinndeling, val av drifts- og organisasjonsmodell og avgiftsnivå skal leggjast fram for politisk handsaming i eiga sak før parkeringsordninga blir sett i verk.

4. Kommunen skal gå i dialog med næringslivet og eigarar av private parkeringsareal i sentrum for å vurdere moglegheiter for samordna parkeringsløyningar i området, med mål om heilskaplege, brukarvenlege løyningar og felles betalingssystem der dette er mogleg.

5. Arbeidet skal skje i samarbeid med kommunane i sjustjernasamarbeidet, med mål om mest mogleg samordna prinsipp og innføringstidspunkt for parkeringsordningar i regionen.

6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode på inntil 2 timar ved utforming av ny parkeringsordning.

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 04.06.2026 - 61/26

1. Kommunestyret går inn for at administrasjonen får mynde til å setje i gang ein prosess med mål om å innføre avgiftsparkering på kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum.

2. Gjennom prosessen skal det avklarast:

- geografiske grenser for område med avgiftsparkering
- mogleg soneinndeling og avgiftsnivå
- aktuelle drifts- og organisasjonsmodellar

3. Endeleg soneinndeling, val av drifts- og organisasjonsmodell og avgiftsnivå skal leggjast fram for politisk handsaming i eiga sak før parkeringsordninga blir sett i verk.

4. Kommunen skal gå i dialog med næringslivet og eigarar av private parkeringsareal i sentrum for å vurdere moglegheiter for samordna parkeringsløyningar i området, med mål om heilskaplege, brukarvenlege løyningar og felles betalingssystem der dette er mogleg.

5. Arbeidet skal skje i samarbeid med kommunane i sjustjernasamarbeidet, med mål om mest mogleg samordna prinsipp og innføringstidspunkt for parkeringsordningar i regionen.

6. Det skal leggjast til grunn ei gratis parkeringsperiode på inntil 2 timar ved utforming av ny parkeringsordning.

PS 68/26 Lokalisering av bufellesskap

Saka vart sendt tilbake til administrasjon frå levekårsutvalet, og var derfor ikkje til behandling i formannskapet.

PS 69/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 30/26

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 42/26

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

PS 70/26 Helsestasjonstenesta i Ulstein

Vedtak:

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarande 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg Kristin Vik orienterte om saka.

Røysting:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarande 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 31/26

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarende 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 43/26

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarende 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

PS 71/26 Utgreiing kulturarbeid Ulstein kommune**Vedtak:**

Ulstein kommunestyret tek rapporten til vitende.

Kommunestyret sluttar seg til at ein arbeidar vidare for å finne ei best mogleg organisering av kultursektoren slik det går fram av saka.

Behandling:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Karen Strand orienterte om saka.

Røysting:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyret tek rapporten til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at ein arbeidar vidare for å finne ei best mogleg organisering av kultursektoren slik det går fram av saka.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 47/26

Ulstein kommunestyret tek rapporten til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at ein arbeidar vidare for å finne ei best mogleg organisering av kultursektoren slik det går fram av saka.

PS 72/26 Gåve - båt til praktisk undervisning i oppvekstsektoren

Vedtak:

Ulstein kommune takkar ja til gåva frå Island Offshore og Mare Safety AS.

Behandling:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Karen Strand orienterte om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune takkar ja til gåva frå Island Offshore og Mare Safety AS.

PS 73/26 TV-aksjonen 2026- Sammen for mennesker på flukt

Vedtak:

Ulstein formannskap opprettar aksjonskomité for TV-aksjonen 2026.

Følgjande representantar vert valde i lokal TV-aksjonskomite:

Namn	Funksjon	Representerer
Lisa Mari B. Anderson	Leiar	Ulstein kommune
Per Kopperstad	Medlem	Ulstein Formannskap
	Medlem	Fellesrådet
Inger Anne Dimmen	Ressursperson	Ulstein kommune
Lena Løseth	Sekretær	Ulstein kommune

Leiar får mynde til å utvide aksjonskomitéen ved behov.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Ulstein formannskap opprettar aksjonskomité for TV-aksjonen 2026.

Følgjande representantar vert valde i lokal TV-aksjonskomite:

Namn	Funksjon	Representerer
Lisa Mari B. Anderson	Leiar	Ulstein kommune
Per Kopperstad	Medlem	Ulstein Formannskap
	Medlem	Fellesrådet
Inger Anne Dimmen	Ressursperson	Ulstein kommune
Lena Løseth	Sekretær	Ulstein kommune

Tilleggsframlegg, foreslått av Lisa Mari Breivik Anderson, Senterpartiet

Leiar får mynde til å utvide aksjonskomitéen ved behov.

Røysting:

Framlegget til ordførar Stian Skorgen Scheide (H) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget til varaordførar Lisa Mari Breivik Anderson (Sp) vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap opprettar aksjonskomité for TV-aksjonen 2026.

Følgjande representantar vert valde i lokal TV-aksjonskomite:

Namn	Funksjon	Representerer
Lisa Mari B Anderson	Leiar	Ulstein kommune
	Medlem	Ulstein Formannskap
	Medlem	Fellesrådet
Inger Anne Dimmen	Ressursperson	Ulstein kommune
Lena Løseth	Sekretær	Ulstein kommune

PS 74/26 Felles økonomikontor for kommunane Herøy, Sande og Ulstein

Vedtak:

1. Ulstein kommune sluttar seg til avtalen om etablering av interkommunalt samarbeid om økonomiforvaltning mellom kommunane Herøy, Sande og Ulstein.
2. Samarbeidet skal organiserast som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20. Ulstein er vertskommune for samarbeidet. Kommunedirektør signerer avtalen.
3. Iverksetting av avtalen føreset at avtalen er godkjent av alle dei tre samarbeidskommunane.

Det skal leggst fram sak kommunestyret om harmoniserte regelverk og delegering av mynde hausten 2026.

Behandling:

Økonomileiar Steinar Nummedal gav ei orientering om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommune sluttar seg til avtalen om etablering av interkommunalt samarbeid om økonomiforvaltning mellom kommunane Herøy, Sande og Ulstein.
2. Samarbeidet skal organiserast som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20. Ulstein er vertskommune for samarbeidet. Kommunedirektør signerer avtalen.
3. Iverksetting av avtalen føreset at avtalen er godkjent av alle dei tre samarbeidskommunane.
4. Det skal leggst fram sak kommunestyret om harmoniserte regelverk og delegering av mynde hausten 2026.

PS 75/26 Tertialrapport 1 - 2026

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarande regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarande faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarande regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjetregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarande.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarande endringane i tabellen "Samla forslag til budsjetendringar" under (vist i Framsikt).

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Behandling:

Økonomileiar Steinar Nummedal gav ei felles orientering om PS 75/26 og PS 76/26.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarande regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarande faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt.

Tilsvarende regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.

6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarende.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarende endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 03.06.2026 - 49/26

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarende regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarende faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarende regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarende.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarende endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Vedtak som innstilling frå teknisk utval - 04.06.2026 - 62/26

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarende regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.

5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarende faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarende regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følge av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarende.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarende endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

PS 76/26 Finansrapport 1.tertial 2026

Vedtak:

Finansrapport for 1.tertial 2026 vert teken til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Steinar Nummedal gav ei felles orientering om PS 75/26 og PS 76/26.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Finansrapport for 1.tertial 2026 vert teken til vitende.

PS 77/26 Sal av bustadparsell gnr. 10 bnr. 153 - Ringen/Høddvollvegen

Vedtak:

1. Formannskapet sluttar seg til at gnr. 10, bnr. 153 i Ringen/Høddvollområdet skal utviklast med sikte på etablering av mindre bustader primært for unge og førstegongsetablerarar.
2. Formannskapet sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med reguleringsendring frå føremålet bustadblokk til konsentrert bustadutbygging.
3. Følgjande vilkår vert lagt til grunn for utlysing og sal:
 - a. Tomteprisen vert fastsett til kr 1.400 pr. m² eksklusive omkostningar
 - b. Kjøpar dekkjer dokumentavgift, tinglysingsgebyr og andre offentlege avgifter
 - c. Salet vert gjennomført med atterhald om nødvendig reguleringsendring
 - d. Egedomen skal nyttast til bustadføremål i samsvar med reguleringsplan/-endring
 - e. Utbyggjar skal dokumentere vurdering av energiløysing for prosjektet, inkludert mogleg tilknytning til eksisterande energinett/fjernvarme, og at det vert gjort ei vurdering av aktuelle støtte- og finansieringsordningar frå Husbanken og andre offentlege verkemiddel.
 - f. Kostnader knytte til reguleringsendring, prosjektering, teknisk infrastruktur, offentlege krav og gebyr vert borne av kjøpar.
 - g. Egedomen skal lysast ut for sal på den opne marknaden under føresetnad av reguleringsendring, jf. pkt. 3 c.
 - h. Om fleire interessentar har meldt seg innan fastlagt frist, vert tildeling avgjort etter trekning.
 - i. Kjøpar må dokumentere finansieringsevne og finansieringsplan.

Kjøpsavtalen skal innehalde vilkår om at kommunen har rett til å kjøpe egedomen tilbake til same pris dersom utbygging ikkje er påbegynt innan tre år etter overtaking.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre salet i samsvar med vedtaket inkludert å inngå intensjonsavtale mellom kommunen og aktuelt firma der prospektet for utbygginga vert testa i marknaden før ein set i verk omfattande arbeid med reguleringsendring, jf. pkt 3 c og g.

Behandling:

Kommunalsjef for teknisk Arne Runar Vik orienterte om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet sluttar seg til at gnr. 10, bnr. 153 i Ringen/Høddvollområdet skal utviklast med sikte på etablering av mindre bustader primært for unge og førstegongsetablerarar.
2. Formannskapet sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med reguleringsendring frå føremålet bustadblokk til konsentrert bustadutbygging.
3. Følgjande vilkår vert lagt til grunn for utlysing og sal:
 - a. Tomteprisen vert fastsett til kr 1.400 pr. m² eksklusive omkostningar
 - b. Kjøpar dekkjer dokumentavgift, tinglysingsgebyr og andre offentlege avgifter
 - c. Salet vert gjennomført med atterhald om nødvendig reguleringsendring

- d. Egedomen skal nyttast til bustadføre mål i samsvar med reguleringsplan/-endring
- e. Utbyggjar skal dokumentere vurdering av energiløysing for prosjektet, inkludert mogleg tilknytning til eksisterande energinett/fjernvarme, og at det vert gjort ei vurdering av aktuelle støtte- og finansieringsordningar frå Husbanken og andre offentlege verkemiddel.
- f. Kostnader knytte til reguleringsendring, prosjektering, teknisk infrastruktur, offentlege krav og gebyr vert borne av kjøpar.
- g. Egedomen skal lysast ut for sal på den opne marknaden under føresetnad av reguleringsendring, jf. pkt. 3 c.
- h. Om fleire interessentar har meldt seg innan fastlagt frist, vert tildeling avgjort etter trekning.
- i. Kjøpar må dokumentere finansieringsevne og finansieringsplan.

Kjøpsavtalen skal innehalde vilkår om at kommunen har rett til å kjøpe egedomen tilbake til same pris dersom utbygging ikkje er påbegynt innan tre år etter overtaking.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre salet i samsvar med vedtaket inkludert å inngå intensjonsavtale mellom kommunen og aktuelt firma der prospektet for utbygginga vert testa i marknaden før ein set i verk omfattande arbeid med reguleringsendring, jf. pkt 3 c og g.

PS 78/26 Tariff 2026 - uravstemming

Vedtak:

Ulstein kommune stemmer ja til partane sitt tilrådde forslag i tariffoppgjeret 2026.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune stemmer ja til partane sitt tilrådde forslag i tariffoppgjeret 2026.

PS 79/26 Overdraging av brannbil til humanitært føremål

Vedtak:

1. Ulstein kommune overdrag den utfasa brannbilen Mercedes-Benz 1226, årsmodell 1992, til organisasjonen Fritt Ukraina til humanitært føremål i Ukraina.
2. Hareid og Ulstein brannvesen gjer bilen klar til overlevering islik det går fram av saka.
3. Fritt Ukraina tek ansvar for transport, vidare omregistrering og bruk av bilen i Ukraina.
4. Ulstein kommune ved kommunedirektøren gjennomfører omregistrering til Fritt Ukraina før overlevering.
5. Det vert inngått ei enkel skriftleg avtale som dokumenterer overdraginga og klargjer partane sitt ansvar.
6. Ulstein kommune utgiftsfører gáva i driftsrekneskapen med ein verdi på 100 000 kroner.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommune overdreg den utfasa brannbilen Mercedes-Benz 1226, årsmodell 1992, til organisasjonen Fritt Ukraina til humanitært føremål i Ukraina.
2. Hareid og Ulstein brannvesen gjer bilen klar til overlevering islik det går fram av saka.
3. Fritt Ukraina tek ansvar for transport, vidare omregistrering og bruk av bilen i Ukraina.
4. Ulstein kommune ved kommunedirektøren gjennomfører omregistrering til Fritt Ukraina før overlevering.
5. Det vert inngått ei enkel skriftleg avtale som dokumenterer overdraginga og klargjer partane sitt ansvar.
6. Ulstein kommune utgiftsfører gáva i driftsrekneskapen med ein verdi på 100 000 kroner.

PS 80/26 Utvida skjenketid under fotball VM

Vedtak:

Ulstein formannskap viser til delegert mynde frå kommunestyre jf.KOM - 44/26 om **Utvida skjenketid under fotball VM** og vedtek med heimel i lov om midlertidig endring av alkoholloven (unntak fra maksimaltiden for skjenking under fotball-VM for herrer 2026):

Ulstein formannskap opnar generelt for mellombels utvida skjenketid i Ulstein kommune i perioden 11. juni til 19. juli 2026 for etablerte skjenkestader med gyldig kommunal skjenkeløyve.

Den generelle opninga gjeld berre for skjenkestader som viser direkte sende kampar frå fotball-VM for herrer 2026 for gjestene på staden, i samsvar med vilkåra i proposisjonen.

Den mellombelse utvidinga gjeld berre alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 og i tidsrommet mellom 02.00 og 06.00.

Det vert ikkje opna for utvida skjenketid for skjenkestader som ikkje oppfyller vilkåret om å vise direkte sende VM-kampar for gjestene på staden.

Ordninga er mellombels og gjeld berre i den avgrensa perioden 11. juni til 19. juli 2026. Vedtaket inneber ikkje varig endring av Ulstein kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan 2024–2028.

Behandling:

Kommunedirektør Jarl Martin Møller orienterte om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken med 6 røyster mot 1 røyst (Sp).

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap viser til delegert mynde frå kommunestyre jf.KOM - 44/26 om **Utvida skjenketid under fotball VM** og vedtek med heimel i lov om midlertidig endring av alkoholloven (unntak fra maksimaltiden for skjenking under fotball-VM for herrer 2026):

Ulstein formannskap opnar generelt for mellombels utvida skjenketid i Ulstein kommune i perioden 11. juni til 19. juli 2026 for etablerte skjenkestader med gyldig kommunal skjenkeløyve.

Den generelle opninga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestene på staden, i samsvar med vilkåra i proposisjonen.

Den mellombelse utvidinga gjeld berre alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 og i tidsrommet mellom 02.00 og 06.00.

Det vert ikkje opna for utvida skjenketid for skjenkestader som ikkje oppfyller vilkåret om å vise direktesende VM-kampar for gjestene på staden.

Ordninga er mellombels og gjeld berre i den avgrensa perioden 11. juni til 19. juli 2026. Vedtaket inneber ikkje varig endring av Ulstein kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan 2024–2028.